

# Retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland

*Retningslinjene definerer krava og omfang av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga er finansiert av overskot frå statlege spel, kalla spelemidlar. Omfanget av årleg tildeling vert vedteke ved kongeleg resolusjon, fordelt av Kulturdepartementet og forvalta av fylkeskommunen.*

*Retningslinjene har to delar. Den første byggjer på Kulturdepartementet sine retningslinjer, gjeldande frå 1. januar 2010. Del 5 og 6 i retningslinjene frå Kulturdepartementet er ikkje teke med i dette dokument, då dette gjeld krav til fylkeskommunen. Den andre delen er fastsett av Vestland fylkeskommune.*

## 1. Vilkår for tilskotsordninga fastsett av Kulturdepartementet:

### 1.1. Føremål

Tilskota skal bidra til eigna lokale, bygningar og arenaer ute som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

### 1.2. Vilkår for tilskot

Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogeleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

### 1.3. Utforming

Bygg som mottek tilskot skal utførast i samsvar med dei til kvar ei tid gjeldande reglar i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen må medverke til at bygga vert føremålstenlege ut frå føremåla for prosjekta.

#### 1.3.1. Kvalitetssikring av planane

Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet. Fylkeskommunen må i kvalitetssikringa av planane hente inn uttale frå relevant fagleg hald med mindre fylkeskommunen har slik kompetanse. Riksteatret kan kontaktast i kvalitetssikringa av planar om scenekunstlokale.

#### 1.3.2. Universell utforming

Kulturlokala eller -arenaene som mottek tilskot skal vere universelt utforma i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter til denne, sjå Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift). Dette gjelder både tilskot til nybygging og til ombygging.

### *1.3.3. Arkitektonisk utforming*

Kulturbygget eller utandørsarenaen må få ei god arkitektonisk utforming i samsvar med bygningen eller arenaen sin funksjon og etter reglar gjevne i plan- og bygningslova.

### **1.4. Tryggleik**

Kulturbygg som mottok tilskot skal nyttast til kulturføremål i minst 20 år etter at midlane er utbetalt. Fylkeskommunane må syte for tilstrekkeleg tryggleik for tilskotet i denne perioden. Dette kan ein gjere ved krav om at søkjarar eksplisitt pliktar seg til å stille lokala til disposisjon for kulturføremål i 20 år. Av fylkeskommunane sine retningslinjer kan det gå fram at bruksendring til anna enn kulturføremål ikkje kan skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen.

### **1.5. Tilskotssatsar**

Tilskotet kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskotsdelen på 1/3 regnast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemdar, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

### **1.6. Vilkår som kan fastsetjast av fylkeskommunane**

I tillegg til vilkåra i del 1 kan den enkelte fylkeskommune fastsetje nærare vilkår for søknadar om tilskot, mellom anna:

- opplysningar om funksjon, aktivitetar, behovsunderlag og søkjar
- teikningar med tilhøyrande omtale av prosjektet
- prosjektbudsjett, med avsetningar til kunst, uvisse og reserve
- dokumentasjon av gjennomførings- og fullfinansieringsansvar
- framdriftsplan
- finansieringsplan
- eigaransvar etter at tiltaket er ferdig
- driftsfinansiering og plan for forvaltning, drift og vedlikehald.

Søknadane må innehalde dei opplysningane som er naudsynt for at fylkeskommunane skal kunne oppfylle rapporteringskrava kulturdepartementet under pkt. 6 av sine retningslinjer.

### **1.7. Kunngjering og søknadsfristar**

Fylkeskommunane skal kunngjere at ein kan søkje om tilskot frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Den enkelte fylkeskommune sine retningslinjer for ordninga skal gjerast tilgjengeleg for potensielle søkjarar.

Søknadane skal fremjast gjennom den kommunen der bygget skal liggje. Fylkeskommunane fastset frist for kommunane si innsending av prioriterte innstillingar av søknader. Kommunane avgjer søknadsfrist i eigen kommune.

### **1.8. Rett til klage**

Forvaltningslova § 28 andre ledd gjev søkjar rett til å klage på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast inn til det forvaltningsorganet som er nærast overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak gjort av fylkeskommunane

i saker om forvaltninga av denne ordninga. I fylkeskommunane sine svar til søkjarane om vedtak, skal det mellom anna bli gitt opplysningar om rett til å klage og klagefrist, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

## **2. Vilkår for tilskotsordninga fastsett av Vestland fylkeskommune:**

### **2.1. Fylkeskommunale prioriteringar:**

Følgjande søknadar blir prioritert ved tildeling av midlar:

Lokale arenaer som t.d. grendahus, forsamlingshus og ungdomshus som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert. Behovsvurderinga av dei lokale arenaene som vert gjort av søkjar og kommune må dokumentere at kulturaktivitet er ein vesentleg del av drifta.

Kulturbygg med regionale funksjonar med verdi, storleik og/eller nedslagsfelt som kan dekke behov ut over kommunegrensene har også prioritet. Vestland fylkeskommune klassifiserer kva som er kulturbygg med regionale funksjonar. Lokala skal vere planlagd ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar.

Følgjande vert lagt vekt på ved tildeling av midlar:

- Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert.
- Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.
- Gjentekne søknadar som er godkjent i anleggsregisteret, men har fått avslag tidlegare grunna manglande rammer.

### **2.2. Søkjar sitt ansvar:**

2.2.1 Søkjar må opprette kontakt med kommunen der lokale/bygning/arena ein skal søkje om midlar til ligg/skal ligge.

2.2.2 Søkjar skal registrere søknaden med alle vedlegg i [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/). Søkjar har ansvar for at søknaden er i orden, inklusiv alle vedlegg, ved innsending til kommunen.

2.2.3 Søkjar må sende inn søknaden via [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/) innan søknadsfristen i sin kommune.

2.2.4 Om søkjar skal fornye eller gjenta ein søknad må denne også sendast inn via [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/). I den fornya eller gjentekne søknaden er det nok å vise til godkjende vedlegg som er sende inn tidlegare, dersom informasjonen i vedlegga framleis er gyldig. Oppdatert kostnadsoverslag må likevel sendast inn som vedlegg. Søkjar må gjere greie for framdrifta ved anlegget og eventuelle avvik/endringar frå tidlegare innsend søknad (kostnadsoverslag, finansieringsplan, osv.).

### **2.3. Kommunen sitt ansvar:**

2.3.1 Kommunen skal sette ein lokal søknadsfrist for søknadar om tilskot til kulturbygg i sin kommune.

2.3.2. Kommunen skal opprette anleggsnummer og verksemd for søkjar.

2.3.3. Kommunen skal handsame søknadar som er sende inn, og sikre at søknadane fyller dei formelle krava. Ut frå dette skal kommunen sette status «i orden» eller «ikkje i orden» på søknadane, statusen skal vere reell. Kommunen skal gje uttale om behovsvurderinga.

2.3.4. Kommunen skal deretter overføre alle søknadar dei har motteke til fylkeskommunen innan søknadsfrist fastsett av fylkeskommunen via [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/).

2.3.5. Når det ligg føre fleire søknadar frå ein kommune skal kommunen gjere ei politisk vedteken prioritering av søknadane. Kommunen sender brev med oversyn over prioritering av alle søknader som er mottokne i kommunen og kopi av vedtaket til fylkeskommunen innan søknadsfristen. Oversendingsbrevet skal vere signert av ordførar eller rådmann.

2.3.6. Dersom fylkeskommunen ber om nødvendige vedlegg og dokumentasjon vert dette gjort via kommunen lokale/bygning/arena ligg i. Kommunen må då kontakte søkjar for å hente inn dokumentasjonen, og syte for at den vert send til fylkeskommunen innan fristen som er sett.

### **2.4. Fylkeskommunen sitt ansvar:**

2.4.1 Fylkeskommunen handsamar søknader om tilskot til kulturbygg etter delegert mynde frå Kulturdepartementet.

2.4.2 Fylkeskommunen skal ved sakshandsaming kontrollere at søknadane er fullstendige og at nødvendige vedlegg ligg føre, jf. retningslinjene for ordninga. Dersom fylkeskommunen ber om nødvendige vedlegg og dokumentasjon vert dette gjort via kommunen lokale/bygning/arena ligg i, og det vert sett ein frist for innsending. Kommunen må då kontakte søkjar for å hente inn dokumentasjonen og syte for at den vert send til fylkeskommunen innan fristen som er sett.

2.4.3. Fylkeskommunen skal ut frå føremål og prioriteringar i retningslinjene fordele tildelt ramme til søknadar som etter handsaminga vert godkjende for tildeling av spelemidlar.

### **2.5. Kven kan søkje:**

Søkjarar om tilskot til kulturbygg kan vere:

- Kommunar, kommunale føretak og fylkeskommune
- Frivillige lag og organisasjonar
- Aksjeselskap (AS), allmennaksjeselskap (ASA), samvirkeføretak (SA) og andre selskap med avgrensa ansvar (BA)
- Stiftingar
- Andre samanslutningar

Det vert ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Går eit kulturbygg med

overskot skal overskotet nyttast til vidare drift eller vidare investering i kulturbygget.

## **2.6. Søknadsfrist:**

2.6.1 Kommunane skal overføre søknadar frå sin kommune til Vestland fylkeskommune innan 30. april kvart år, gjennom [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/).

2.6.2 Søknadar som vert sende til fylkeskommunen etter fristen vert ikkje godkjende.

## **2.7. Tilskotssum:**

2.7.1. Søknadssummen kan utgjere inntil 1/3 av totalkostnad for prosjektet.

2.7.2. Minste tilskotssum er 100 000 kr. Minste tilskotssum til tiltak som gjev universell utforming er 50 000 kr.

2.7.3. Maksimal tilskotssum: Då omfanget av den desentraliserte tilskotsordninga til kulturbygg er avgrensa er det naudsynt å setje ein maksimal tilskotssum for kvart tiltak. Tilskot kan utløyast gjennom ein søknad, eller gjennom fleire. Omfanget av samla tilskot vert rekna frå første gjevne tilskot innanfor ein 20-årsperiode.

- **Lokalt kulturbygg:** Eit lokalt kulturbygg kan maksimalt innanfor ein 20-årsperiode få tildelt 1 500 000 kr.
- **Kulturbygg med regional funksjon:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vurderer dette frå prosjekt til prosjekt.

2.7.4. I dei tilfelle der eit lokalt kulturbygg delvis har regionale funksjonar kan hovudutval for kultur, idrett og integrering gjere skjønsmessige vurderingar av samla tilskot.

2.7.5 Fylkeskommunen kan gje delløyving til ein søknad, dersom tilskotet elles vil utgjere ein uforholdsmessig stor del av den totale tilskotssummen. Søkjar skal då sende inn ein gjenteken søknad i neste søknadsrunde. Søknaden skal oppdaterast med alle ev. endringar, jf. pkt.

2.2.4.

## **2.8. Andre vilkår:**

2.8.1. Bruksendring til anna enn kulturføremål kan ikkje skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen.

2.8.2. Opphør av aktivitet eller endring av bruken av kulturlokala skal meldast til fylkeskommunen dei fyrste 20 åra etter at tilskot er gjeven. Fylkeskommunen kan då kalle attende heile eller delar av tilskotet.

2.8.3. Søkjar skal dokumentere rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år. Retten skal ha heimel i eit av følgjande forhold:

- Tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast av utskrift av grunnboka.
- Tinglyst feste/leigeavtale på minimum 20 år, og stadfesta utskrift av grunnboka
- For anlegg på kommunal eller fylkeskommunal grunn skal det leggjast fram ei avtale frå grunneigar om bruk av denne, på minimum 20 år.

## 2.9. Avgrensingar:

2.9.1. Det er eit grunnleggande prinsipp at spelemidlar ikkje skal gjerast om til fortенeste for private fortенestebaserte aktørar.

2.9.2 Søknad må fremjast første gong seinast i kalenderåret etter at anlegget er ferdigstilt.

2.9.3 Det vert berre gitt tilskot til permanente/fastmonterte installasjonar og inventar i/på bygget.

2.9.4 Det vert ikkje gitt tilskot til:

- Vedlikehald og drift.
- Rehabilitering til lokale/bygning/arena som er nyare enn ti år.
- Utbetring av skadar som har oppstått på grunn av feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald.
- Ferdigstilte byggeprosjekt som det ikkje er søkt om støtte til tidlegare.
- Diverse laust utstyr, til dømes bord, stolar, kvitevarer, laust teknisk utstyr som skal brukast i permanent scenerigg (t.d. lyskastarar, høgtalarar osv., sceneteppe), blending som ikkje er av permanent karakter .
- Utomhusarbeid, til dømes tilførsels- og avløpsleidningar for vatn og kloakk, tilførselsleidningar for elektrisitet, inngjerding, vegar og parkeringsplassar.
- Anna: Leige, tileigning av grunn, tilknytingsavgifter, reguleringsarbeid, dekking av gjeld.

## 2.10. Følgjande vedlegg skal følgje søknad:

- Dokumentasjon på kven som er eigar av tiltaket/ bygget, jf. punkt 2.8.3.
- Vedtekter for bruken av lokale/bygning/arena.
- Framdriftsplan for tiltaket.
- Skriftleg presentasjon av tiltaket, inkludert ei behovsvurdering.
- Teikningar av bygget/lokala inkl. ev. etasjar som ikkje er omfatta av tiltaket i søknaden. Teikningane skal ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha tittelfelt som inneheld skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.), dato / revisjonsdato og målestokk.
- Detaljert kostnadsoverslag for tiltaket. Administrasjonskostnadar, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjend totalkostnad.
- Finansieringsplan. Denne skal gjere greie for finansieringa av dei samla kostnadane med tiltaket. Alle søknader skal vere fullfinansiert. Dokumentasjon på finansiering må ligge ved søknaden, med unntak av for midlar frå kulturbyggordninga.

All finansiering skal vere dokumentert slik:

- Eigenkapital: Eigenkapital skal stadfestast med kontoutskrift frå bank e.l. som viser at summen er bunden til bygginga av anlegget. Aksjekapital skal dokumenterast.
- Dugnad: Dugnadsarbeid skal settast opp i eit eige dugnadsoversyn som er utarbeidd med utgangspunkt i dei arbeida som etter kostnadsoverslaget skal utførast på dugnad. Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av ein kvalifisert fagperson (til dømes kostnadsvurdering/tilbod frå kommune, firma, entreprenør, handverkar e.l.). Oversynet skal signerast. Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad.

- Gåve: Pengegaver skal dokumenterast med gåvebrev.
- Lån: Skal vere stadfesta med kopi av lånetilsegn. Eventuelle lånevilkår må vere oppfylte/aksepterte.
- Tilskot frå kommune/fylkeskommune: Må vere stadfesta med kopi av vedtaket.
- Ved ombygging, modernisering og rehabilitering skal det liggje ved omtale av eksisterande drift og bruk av kulturbygget.
- Plan for bruk, drift og forvaltning av kulturbygget. Planen skal mellom anna gje opplysningar om brukstid og brukargrupper.
- Tinglyst rett til eigedom og anlegg i minimum 20 år, i tråd med krava i punkt 2.8.3.

## **2.11. Utbetaling:**

2.11.1 Utbetaling av tilskot skjer i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Søkjar kan be om delutbetaling når arbeidet er kome godt i gang, og/eller når tiltaket nærmar seg slutføring. Oppmoding om delutbetaling og sluttutbetaling skal sendast via kommunen lokale/bygning/arena ligg i. Ved delutbetaling skal kommunen stadfeste informasjonen om framdrift for tiltaket. Sluttutbetaling skjer etter at ferdigattest og revidert rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen via kommunen. Rekneskapen skal reviderast av kommunerevisjonen. Inntil revidert rekneskap ligg føre skal fylkeskommunen halde attende minst 10 % av tilskotet.

2.11.2 Utbetaling av tilskot (delutbetaling og sluttutbetaling) vert formidla via kommunen. For tilskot til anlegg som ikkje er eigd av det offentlege tek kommunen imot midlane frå fylkeskommunen og formidlar det vidare til søkerar.

2.11.3 Tilsegn om tilskot gjeld i inntil tre år frå svar om vedtaket er sendt til søkeren. Om tiltaket ikkje er sett i gang, eller søkeren ikkje har bede om utbetaling av tilskotet i samsvar med dokumentert framdrift og likviditetsbehov innan tre år etter svar er sendt ut, fell tilsegna bort og midlane vert inndregne.

2.11.4 Dersom rekneskapen viser at tiltaket har blitt rimelegare enn det som ligg til grunn i det godkjende kostnadsoverslaget i søknaden, vil tilskotssummen bli justert tilsvarande og restsummen inndregen.

## **2.12. Definisjonar:**

- Kulturbygg er eit frittstående bygg eller delar av eit bygg der funksjonaliteten gjev rom for ulik kulturell verksemd.
- Nybygg: eit nytt bygg kan vere eit komplett nytt kulturbygg, men òg eit eksisterande bygg som endrar funksjonalitet til kulturbygg.
- Ombygging vert å rekne som endring av funksjonaliteten ved eksisterande areal eller gjennom påbygging av eksisterande bygningsmasse.
- Modernisering er å rekne som ei oppgradering av eksisterande areal og funksjonar, slik at kvaliteten og funksjonen er i tråd med moderne kvalitetskrav, teknologi, miljøkrav m.m.
- Rehabilitering er istandsetting av ei eining, ein bygning eller delar av denne for oppgradering til nåtidig føremål og kvalitetskrav.
- Vedlikehald er tiltak for å oppretthalde ein tilstand som gjer ei eining i stand til å utføre sin funksjon og som hindrar forfall. Vedlikehaldet har som mål å oppretthalde den kvalitet og funksjon eininga hadde då den var ny.

- Lokalt kulturbygg: Eit lokalt kulturbygg er eigd av ein organisasjon og har som målgruppe brukarar frå eit avgrensa geografisk område innan eigen kommune.
- Kulturbygg med regionale funksjonar: Eit kulturbygg med regionale funksjonar kan eigast av ein eller fleire aktørar. Målgruppa og brukarane skal vera innbyggjarar i fire eller fleire kommunar. Funksjonane og kvaliteten på tilboda skal ha høg kvalitet og ha regional interesse. Har bygget ein scene skal denne tilfredstille Riksteateret sine krav for å nytte scena.
- Søknadstypar:
  - Ny søknad: Vert nytta når søknaden ikkje har vore fremma tidlegare.
  - Fornya søknad: Vert nytta når søknaden har vore fremma tidlegare utan at det er gitt tilskot.
  - Gjenteke søknad: Vert nytta når det er gitt deltilskot på føregående søknad og søknaden skal fremmast på nytt.